

Kopi: Ordfører  
Rådmann  
Økonomi-  
ansvarleg

Radøy kommune  
Kontrollutvalet

Isdalstø, 12.03.2014  
Revisjonsrapport nr.10

## **Årsrekneskapen 2013**

Vi har revidert kommunen sin årsrekneskap for 2013. Vårt arbeid er utført med heimel i kommunelova § 78 og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv. som set nærare krav til revisjon av kommunen sin årsrekneskap. Forskrifta § 4 krev at planlegging, gjennomføring og rapportering av revisjon skal skje etter krava i lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk fylgjer mellom anna av internasjonale revisjonsstandardar (ISA).

I denne rapporten vil vi kommentere nokre forhold som fylgjer av vår revisjonsgjennomgang.

Rekneskapen er ryddig og oversiktleg. Vi har ingen vesentlege merknader til avstemming og dokumentasjon.

### **Bygdebok**

Rekneskapsskjema 2B viser at utgifter til produksjon av bygdebok, kr 847 410, er ført i investeringsrekneskapen. Inntekter ved sal av bygdebok utgjer kr 114 191 og nettoutgift som er ført i investeringsrekneskapen er dermed kr 733 219.

Vi viser til tidlegare revisjonsrapportar samt uttale frå Foreningen for god kommunal regnskapsskikk i brev til Revisjon Fjell IKS 25.04.07. Utgifter til bygdebok skal først i driftsrekneskapen og vi har difor teke atterhald på dette punktet i revisjonsmeldinga.

### **Generelt om skilje drift og investering**

Kommunal rekneskapsstandard (KRS nr 4) definerer grenser mellom utgiftsføring i driftsrekneskap eller investeringsrekneskap. Investeringsrekneskapen 2013 inneheld nokre mindre prosjekt som heilt eller delvis synest å gjelda vedlikehald og dermed skulle vore ført som driftskostnader. Under prosjekt 6700004 Kommunale vegar – bruer er utgiftsført reasfaltering og under prosjekt 2190007 Oppgradering Radøy ungdomsskule er mellom anna utgiftsført nytt golvbelegg og himling. Viser og til omtale av desse prosjekta i årsmeldinga. Vi ber om at ein har fokus på dette skiljet ved framtidig budsjettering og utgiftsføring.

### **Kortsiktige fordringar**

Under kortsiktig gjeld i balansen er nokre avsetjingar frå 2012 som skulle vore tilbakeført i 2013. Netto driftsresultat for 2013 er difor om lag kr 300 000 for lågt i den framlagte rekneskapen. Periodiseringsfeilen vil medføra tilsvarande høgare resultat i 2014. Vi har ikkje vurdert denne som vesentleg og den er difor ikkje omtalt i revisjonsmeldinga.

Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik

Revisjonssjef